

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Dykkar ref.:
202201472-4

Vår ref.:
52200163

Dato:
2024-02-14

► Detaljregulering for Breivika småbåthamn i Vanylven kommune – Informasjon om endringer i plandokumenta og utgreiingar

Detaljregulering for Breivika småbåthamn i Vanylven kommune var sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 8. oktober–25. november 2022. NVE fremja motsegn til planen. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for fare for områdeskred av kvikkleire og skred i bratt terreng for planområdet.

I etterkant av høyring og offentlig ettersyn er plandokumenta og utgreiingane oppdatert med dokumentasjon som svarar for NVEs merknader. Forslagsstillar ber difor NVE om å trekke motsegna på grunnlag av endringane.

Følgande dokumenter er oppdatert etter høyring og offentlig ettersyn som følgje av motsegn frå NVE mfl.:

- Planomtale
- ROS-analyse
- Geoteknisk vurdering
- Geotekniske grunnundersøkelser datarapport
- Skredfarevurdering

Følgande dokumentar er oppdatert etter høyring og offentlig ettersyn som følgje av utsegn frå Fiskeridirektoratet og motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Plankart
- Føresegner
- Konsekvensutredning Naturmangfold - sjø
- Støynotat

Følgande dokumentar er oppdatert etter høyring og offentlig ettersyn som følgje av oppdaga feil:

- Miljøteknisk sedimentundersøkelse

Følgande dokumentar er uendra etter høyring og offentlig ettersyn:

- Illustrasjonsplan
- Illustrasjonshefte
- Bølgeanalyse og havneplan
- Trafikkvurdering
- Sjøbunnskartlegging

Dei påfølgande avsnitta gjer greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta og utgreiingane, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Plankart

I plankartet er følgande endra:

- Plankartet er oppdatert med omsynssoner for friskt innanfor planområdet og frisktlinjer utanfor planområdet.
- Området for annan veggrunn - grøntareal ved fylkesvegen er utvida slik at rekkverket langs fylkesvegen kan etablerast utanfor omsynssonene for friskt.
- Kartgrunnlaget er oppdatert med linjer for vegkantane til fylkesvegen og koter .
- I tittelfeltet er det påført datoar for offentleg ettersyn.

Føresegner

I føresegnene er følgande endra:

- Heile dokumentet: Forkortingane for arealformåla er oppdatert i samsvar med forkortingane brukt i plankartet.
- For å betre ivareta gytefeltet for torsk i Kjøddepollen, er § 2.3 *Utfylling sjø* supplert. Det er lagt inn ei føresegn som seier at utfylling samt peling og/eller spunting av området ikkje skal skje i perioden 1. februar–1. juni. Det er i tillegg lagt inn ei føresegn som seier at det ved utfylling i sjø skal det gjerast tiltak for å avgrense spreining av partiklar i vatnet som kan skade yngelen i gytefeltet for torsk i Kjøddepollen.
- § 2.3 *Utfylling sjø* supplert er i tillegg supplert med ei føresegn som seier at det må gjennomførast plastring av utfyllingane av estetiske omsyn og for å hindre utvasking av fyllmassane.
- Det er lagt inn ei føresegn som seier at veglova og plan- og bygningslova § 29-4 om avstand frå veg, anna bygning og eigedomsgrense gjeld der byggegrensar ikkje er vist.
- § 3.2.1 *Veg (V)* er supplert med ei føresegn om V3.
- § 3.2.2 *Annan veggrunn - grøntareal (AVG)* er endra slik at den også omfattar rekkverk.
- Plankartet er oppdatert med omsynssoner for friskt. I føresegnene er det lagt inn ei føresegn til omsynssona.
- Det er gjort fleire endringar i føresegna om faresona for flaumfare for å gjere den klårare. Det er blant anna lagt inn ei innleiande setning som seier at faresona for flaumfare representerer nivået på ei 200-års hending for stormflod. Ordet «bølgjepåverknad» er bytta ut med «stormflod».
- Det er lagt inn ei føresegn om føresegnområdet *midlertidig bygge- og anleggsområde (#0)*.
- Rekkefølgjeføresegnene knyta til bruksløyve er endra for å gjere dei klårare.
- Det er lagt inn eit rekkefølgjekrav om opparbeiding av avkøyrsla til planområdet. Det presiserast også at eksisterande rekkverk langs fylkesvegen må tilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med avkøyrslas frisktsoner. Eventuelt kan det gjerast tiltak som gjer at behovet for rekkverket fell bort.
- Informasjon om dokumenta som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene, er oppdatert.
- Heile dokumentet: Det er gjort mindre justeringar som til dømes retting av skrivefeil.

Planomtale

I planomtalen er følgende endra:

- Kap. 2.2 *Kva er ei detaljregulering*: Informasjon om dokumenta som planforslaget består av er oppdatert i tabellen i kap. 2.2. Det er lagt til tre nye dokumenter/vedlegg; Oppsummering av merknadar ved offentlig ettersyn, Oppsummering av merknadar ved offentlig ettersyn samt Rapport etter prøvegraving.
- Kap. 2.4 *Førstegangsbehandling i formannskapet og kommunestyret*: Nytt kapittel.
- Kap. 2.5 *Offentleg ettersyn av planforslaget*: Nytt kapittel.
- Kap. 4.4 *Friluftsliv*: Det er lagt til eit nytt avsnitt som omhandlar mjuke trafikantar og badeplass i kapittel 4.4.2 *Influensområdet*.
- Kap. 4.10 *Grunnforhold*: Kapitlet er oppdatert med informasjon om supplerande grunnundersøkingar.
- Kap. 5.1 *Plankart*: Utsnittet av plankartet er oppdatert.
- Kap. 5.2 *Arealforemål*: Tekst og tabell er oppdatert.
- Kap. 5.6.3 *Framdriftsplan*: Informasjon om vidare framdrift er oppdatert.
- Kap. 6.4 *Marinbiologisk naturmangfald*: Det er lagt til eit avsnitt og ein figur som beskriver verdi og påverknad for delområde ålegraseng og delområde tarebiomasse i kapittel 6.4.2 *Påverknad og konsekvens*.
- Kap. 6.9 *Trafikk*: Det er lagt til informasjon om kva krav avkøyrsla til planområdet er planlagt etter i kapittel 6.9.1 *På land*. Det er i tillegg lagt til informasjon om nye rekkefølgekrav som omhandlar opparbeiding av avkøyrsla.
- Kap. 6.12 *Støy*: Kapitlet er oppdatert med vurderingar knyta til etablering av fritidsbustader og grenseverdiane i T-1442.
- Kap. 7.1 *Grunnforhold*: Kapitlet er oppdatert med oppdatert konklusjon frå den geotekniske vurderinga og ROS-vurderingar knyta til temaet.
- Kap. 8 *Innkomne merknadar*: Kapitlet er tatt ut av planomtalen og lagra som eit eget dokument kalla *Oppsummering av merknadar ved varsel om oppstart*.
- Heile dokumentet: Det er gjort mindre justeringar som til dømes retting av skrivefeil.

ROS-analyse

ROS-analysen er oppdatert i tråd med den oppdaterte skredfarevurderinga og geotekniske vurderinga.

Miljøteknisk sedimentundersøkelse

I dokumentet som var på høyring og offentlig ettersyn viste figur 4 feil kornfordeling mellom silt og sand. Figuren og tilhøyrande tekst er oppdatert.

Konsekvensutredning Naturmangfold - sjø

Det var oppgitt feil tal på beslaglagt sjøbunnsareal i konsekvensutredninga for naturmangfald i sjø. Det riktige talet er 58 500 m². Talet er retta opp i dokumentet.

Geoteknisk vurdering

I etterkant av høyring og offentlig ettersyn er det gjennomført supplerande grunnundersøkingar i område der det er påvist sprøbrotsmateriale. Den geotekniske vurderinga er oppdatert med funn og vurderingar frå grunnundersøkingane.

Rapporten er i tillegg oppdatert med ei drøfting av fare for områdeskred i samsvar med tilrådd prosedyre i NVE sin rettleiar om sikkerheit mot kvikkleireskred. Det er også tilføydd ein eintydig konklusjon på om det er fare for områdeskred eller ikkje.

Områdestabilitet er vurdert å være tilfredsstillande med dei anviste tiltaka beskrive i rapporten. Det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleiksfaktor for tiltakskategori K4 i stabilitetsvurderingane for planlagt fylling. Vurderingane er kvalitetssikra av uavhengig føretak.

Alle endringar i den geotekniske vurderingane er vist med blå tekst.

Geotekniske grunnundersøkingar – datarapport

Dei supplerande grunnundersøkingane vart utført i form av prøvegraving. Datarapporten er supplert med ein rapport etter prøvegravinga.

Skredfarevurdering

Kartleggingsområdet er oppdatert slik at det dekker heile planområdet. Fare for skred i bratt terreng er dokumentert for heile planområdet og i samsvar med krava som er sett i NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng.

Klimaanalysen er supplert slik at den er i samsvar med rettleiaren, og dei ulike skredtypene er utdjupe.

Skredfarevurderingane er i tillegg oppdatert med registreringskart med sporlogg. Eigenerklæringsskjema er lagt ved som eget vedlegg.

Støynotat

Støyutgreiinga er oppdatert med vurderingar knyta til etablering av fritidsbustader og grenseverdiane i T-1442.

Oppdaterte plandokument og utgreiingar ligger vedlagt.

Vedlegg:

- Dok 01_Plankart_Breivika småbåthamn_17.12.2023
- Dok 02_Føresegner_Breivika småbåthamn_14.02.2024
- Dok 03_Planomtale_Breivika småbåthamn_14.02.2024
- Dok 04_ROS_Breivika småbåthavn_15.01.2024
- Vedlegg 1_Illustrasjonsplan_Breivika småbåthavn_19.08.2022
- Vedlegg 2_Illustrasjonshefte_Breivika småbåthavn_17.08.2022
- Vedlegg 3_Bølgeanalyse og havneplan_Breivika småbåthavn_05.08.2022
- Vedlegg 4_Trafikkvurdering_Breivika småbåthavn_18.08.2022
- Vedlegg 5_Sjøbunnskartlegging_Breivika småbåthavn_12.08.2022
- Vedlegg 6_Miljøteknisk sedimentundersøkelse_Breivika småbåthavn_19.01.2023
- Vedlegg 7_KU Naturmangfold - sjø_Breivika småbåthavn_04.11.2022
- Vedlegg 8_Geoteknisk vurdering_Breivika småbåthavn_05.01.2024
- Vedlegg 9_Geotekniske grunnundersøkingar datarapport_Breivika småbåthavn_20.09.2022
- Vedlegg 10_Skredfarevurdering_Breivika småbåthavn_15.12.2022
- Vedlegg 11_Støynotat_Breivika småbåthavn_25.01.2024

Med vennleg helsing
Norconsult Norge AS

Pernille Ibsen Lervåg